



Steffan Vike
Midtneset 20
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1804 - 16/16848

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
20.06.2016

Gbnr 219/1 Vike. Førebels svar på søknad om løyve til deling av grunneigedom.

Syner til søknad frå dykk om løyve til å få dele frå areal frå gnr.219 bnr.1. Det gjeld to parsellar der den eine er om lag 200m2 og grenser til ungdomshuset på Vikanes. Den andre parsellen er om lag 100m2 og er ein strandparsell nedanfor E39.

Grunnlaget for deling er mellom anna eit kart datert 21.08.2006 og signert av deg og Leig Egil Vatnøy.

Søknaden frå deg har manglar:

1. Det går ikkje fram av søknaden kva areala skal nyttast til. Det er viktig at tiltaket har ein grunngeving som er klar og tydeleg. Den skal gå fram av søknaden.
2. Det går ikkje fram om parsellane skal vere sjølvstendige brukseiningar eller om dei skal vere tillegg til eksisterande eigedommar.
3. Dersom dei frådeltte parsellane skal vere sjølvstendige eigedommar, må det gå fram om dei har vegrett, eller så må dei føyast saman med eigedommar som alt har vegrett.
4. Parsellen som ligg ved sjøen ser ut til å liggje på felles grunn for gnr.219 bnr.1 og gnr.219 bnr.2. Eigaren av bnr. 2 må signere på at han er samd i at parsellen vert delt frå.
5. Parsellen som ligg ved sjøen kan ikkje delast frå utan at det vert søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova – reglane om tiltak i strandsona.

Søknaden frå deg vert ikkje teke til handsaming før det ligg føre klare og eintydige svar på dei spørsmåla som er stilt, og før eigaren av gnr.219 bnr.2 har signert på at han er samd i delinga av parsellen ved sjøen. Dersom parsellen ikkje ligg på felles grunn, må det leggst fram dokument som syner at det er slik.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Steffan Vike

Midtneset 20 5994

VIKANES